

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Oppstryn, Hjelle Hotel  
**Dato:** 15.06.2020  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:15

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn Jostedalsbreen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_Ivar Kvalen\_\_\_\_

\_\_\_\_Kari Synnøve Muri\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 14/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 16/20	Referatsaker Orienterings- og drøftingssaker: 1. Status for sekretariatet 2. Siste nytt frå nasjonalparksentera 3. Orientering frå SNO Jostedalsbreen 4. Status tiltaksplan 2020 5. Status forvaltningsplan og besøksstrategi 6. Norges nasjonalparker - ny nettside 7. Mediesaker sidan sist 8. Dato for neste møte		
RS 8/20	Varsel om utsetting av all planlagt feltaktivitet våren 2020 i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2020/4234
RS 9/20	Referat frå drøftingsmøte om innfallsportar Tungestølen og Veitastrond 26.05.2020		2020/9015
RS 10/20	Referat frå styremøte i Skålastilaget		2019/10266
RS 11/20	Synfaring Fåbergstølsbreelvi og søknad om forlenga løyve.		2019/13791
RS 12/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - innfallsporten Bøyabreen - status etter møte om toalettløysing ved Bøyabreen		2019/6338
RS 13/20	Bakomfilmen fra Veri Media		2019/16690
RS 14/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsel - drone - Lodalskåpa - Paal Andre Lund		2020/8850
RS 15/20	Annerledessommeren 2020		2020/7644
ST 17/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - Store Supphellebreen - uttak av breis - Ivar Supphellen og Trude Solli		2020/2988
ST 18/20	Delegerte saker		
DS 1/20	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalsbreen - helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm - Visit Nordfjord - auka tal turar		2020/2358

## **ST 14/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.06.2020**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 15/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.06.2020**

#### **Handsaming i møte**

Ivar Kvalen foreslo Kari Synnøve Muri til å underskrive protokollen, i lag med leiar.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 16/20 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.06.2020**

#### **Handsaming i møte**

Sekretariatet la i møtet fram følgjande liste med saker til orientering og drøfting:

1. Status for sekretariatet
2. Siste nytt frå nasjonalparksentera
3. Orientering frå SNO Jostedalsbreen
4. Status tiltaksplan 2020
5. Status forvaltningsplan og besøksstrategi
6. Norges nasjonalparker - ny nettside
7. Mediesaker sidan sist
8. Dato for neste møte

1. Korona situasjonen har prega våren 2020. Det er no i ferd med å normalisere seg. Ny nasjonalparkforvaltar, Marthe Gjerde, på plass i Gaupne 1.juli. 2 års vikariat.

2. Korona situasjonen pregar dei tre nasjonalparksentera. Jostedalsbreen nasjonalparksenter held stengt sesongen 2020. Breheimsenteret og Norsk bremuseum held ope.
3. Anne Rudsengen frå SNO viste bilete og orienterte om arbeidet denne våren. Også SNO sitt arbeid har vore prega av koronasituasjonen i tillegg til dei store snømengdene i fjellet. Snø og rasfare har gjort at fleire område har vore utilgjengelege i lange periodar. Det har medført at oppfølging av fleire tiltak er noko forseinka.  
Styret kommenterte at det er viktig at toalett i og nær nasjonalparken er opne som vanleg denne sommaren. Dersom det må setjast inn særlege tiltak for å sikre mot smittespreiing, t.d. spritdispenserar, så kan det gjerast som ei særleg ordning dette året. Det bør og sikrast at toalett i og nær nasjonalparken som er opne for ålmenta vert godt informert om.
4. Sekretariatet delte ut eit excel rekneark med status for alle tiltak i Jostedalsbreen nasjonalpark 2020 pr. 15.juni, og gjekk igjennom og kommenterte kvart einskild tiltak kort.
5. Utkast til forvaltningsplan er sendt til eit fyrste gjennomsyn hjå miljødirektoratet og er forventa i retur i næraste framtid.
6. Det er laga ei ny nettside for Norges nasjonalparker. Denne vert ei samleside med lenker vidare til nettsidene til alle verneområda i Norge. Jostedalsbreen nasjonalpark byrjar med utforming av sine egne nettsider i sommar. Dette skjer i samarbeid med selskapet Trollbinde, som vann anbod om utforming av nettsider for nasjonalparkane i Vestland.
7. Mediesaker sidan sist vart gått raskt igjennom.
8. Styret ynskjer at neste styremøte skal vere i Fjærland, gjerne i veke 37.

- RS 8/20** Varsel om utsetting av all planlagt feltaktivitet våren 2020 i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet
- RS 9/20** Referat frå drøftingsmøte om innfallsportar Tungestølen og Veitastrond 26.05.2020
- RS 10/20** Referat frå styremøte i Skålastilaget
- RS 11/20** Synfaring Fåbergstølsbreen og søknad om forlenga løyve.
- RS 12/20** Jostedalsbreen nasjonalpark - innfallsporten Bøyabreen - status etter møte om toalettløysing ved Bøyabreen
- RS 13/20** Bakomfilmen fra Veri Media
- RS 14/20** Jostedalsbreen nasjonalpark - motorferdsel - drone - Lodalskåpa – Paal Andre Lund
- RS 15/20** Annerledessommeren 2020

**ST 17/20** Jostedalsbreen nasjonalpark - endra vilkår etter klage - Store Supphellebreen - uttak av breis - Ivar Supphellen og Trude Solli

## **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.06.2020**

### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar vilkåra 3 og 4 i løyve gjeve i utvalssak 6/20 om uttak av breis til formidling på Norsk Bremuseum, datert 24.02.2020.

Grunneigarane får sjølv høve til å vurdere når på døgnet det er best å hente ut breis. Dette må vurderast ut i frå vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand, fare for isras eller stein frå fonna og turistar i området. Det vert og lov å bruke traktor med tilhengar ved uthenting av is.

#### Nytt vilkår 3. i løyvet:

3. Grunneigarane må sjølv vurdere når det er tryggast å hente ut breis. Det må takast særleg omsyn til vertilhøve, lystilhøve, breen sin tilstand/rasfare og turistar i området.

#### Nytt vilkår 4. i løyvet:

4. Den motoriserte ferdsla skal gå føre seg med langs elveleiet slik at det ikkje set varige spor på open barmark.

Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova sin § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ:  
*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, ...»*

## **ST 18/20 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 15.06.2020**

**DS 1/20 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalsbreen - helikopterflyging i samband med innspeling av kortfilm - Visit Nordfjord - auka tal turar**

**DS 2/20 Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida flyperiode for helikoptertransport til Skålabu 2020 - Bergen og Hordaland turlag**